



ULSTEIN KOMMUNE



**FORSKRIFT OM NÆRSKULE OG
SKULEKRINGRENSER FOR
GRUNNSKULEN I ULSTEIN KOMMUNE.**



I Innleiing

§ 1. Heimel

Med heimel i opplæringslova § 8-1 er det fastsett forskrift om kva skule dei ulike områda i Ulstein kommune soknar til – nærskuleprinsippet, og kvar grensene for dei ulike skulekretsane i kommunen går.

§ 2. Målsetjing

Formålet med forskrifta er gjere tilhøva for innbyggjarane i kommunen forutsigbare når det gjeld kva skule borna skal gå ved, vere rettleiande i høve kommunal sakshandsaming, samt å sikre lik handsaming av søknader om skulebyte.

§ 3 Virkeområde

Forskrifta omfattar alle grunnskulane i Ulstein kommune. Ved særlege tilhøve, som ved nybygging/ombygging, brann, omsyn til skyss og farleg skuleveg, kan kommunen vedta mellombelse løysingar i høve kva skule borna skal gå ved.



II Nærskuleprinsippet

§ 4 Nærskulane i Ulstein kommune

Forskrifta er heimla i opplæringslova § 8-1:

«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven har rett til å gå på etter første leddet. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skole utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skoleskyssen blir uforsvarleg lang.»

Med bakgrunn i geografiske og busetnadmessige tilhøve, har ein denne nærskuleinndelinga i Ulstein kommune:

- Haddal skule – krinsane Eiksund(Gjerde til Havåg) og Haddal(Fjelle, Ringstaddalen, Haddal, Garnes)
- Hasund skule – krinsane Dimna(Indre Dimna til Skjerva), Hasund(Kleiva, Dimnasund, Åsen, Sundgot, Ertesvåg, Hasund, Gardshol, Strandabøen)
- Ulstein skule – krinsane Flø, Ulstein(Gåsneset til Skeide)
- Ulsteinvik barneskule – sentrumskrinsen
- Ulstein ungdomsskule – heile kommunen

III Skulekrinsgrenser

§ 5 Skulekrinsane i Ulstein kommune

Haddal skule:

Område avgrensa frå Gjerde aust i Eiksund krins til og med Havåg/Aursneset, vidare Haddalbygda med Solsida byggefelt, Ringstaddalen til og med Fjelle, samt Garnes frå kommunegrensa ved brua til og med Kvalneset.

Hasund skule:

Heile Dimnøya – med nordvestsida frå og med Indre Dimna, Ytre Dimna, Hellestøa, Vågane til og med Skjerva, austsida med Kleiva, Dimnasund, Åsen, Sundgot, vidare sørsida med Sundgotmarka/Kjerringneset til og med Ertesvågane. Så aust om Straumen frå og med Botnen, Garshol, Hasund til og med Strandabøen.



Ulstein skule:

Krinsen omfattar heile Flø, samt strekninga Gåsneset – Skeide. Grensa mot Ulsteinvik krins går mellom gardsnr. 6 og gardsnr. 7.

Ulsteinvik barneskule:

Sentrumskrinsen går frå Halseneset i vest, omfattar sentrum, byggefelta frå Bugarden til og med Varleite, Sauneset til Strandkrysset.

Ulstein ungdomsskule:

Elevar frå heile kommunen.

IV Skuleskyss

§ 6 Utdrag frå opplæringslova § 7-1

«Elevar i 2.– 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.»

§ 7 Farleg skuleveg

Ulstein kommune har i vedtak 29.11.2018 presisert kva strekningar som har og som kan vurderast som særleg farleg skuleveg:

1. For skuleveg i Ulstein kommune, der avstanden er under skyssgrensa på to/fire kilometer til skulen er det ikkje vegstrekningar som er 'Særleg farleg eller vanskeleg skuleveg' på generelt grunnlag.
2. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 25 Fløvegen i området frå Gåsneset til brua over Ulsteinelva, der elevar ved Ulstein skule kan etter individuell vurdering ha rett til skuleskyss.
3. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 26 Dimnøyvegen i området frå Skjerva og til Hasund skule, der elevar etter individuell vurdering kan ha rett på skuleskyss.
4. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 26 Dimnøyvegen frå Ertesvåg til Kjerringneset, der elevar som må passere gjennom dette området kan etter individuell vurdering ha rett på skuleskyss.
5. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 61 og fylkesveg 653 for elevar til Haddal skule som bur på strekninga Kvalneset – Garnes og som må passere Haddalura. Elevane her har rett på skuleskyss.
6. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 61 Kvalnesvegen ved kryssinga frå busetnad på sør-austsida av fylkesvegen til Garsholvegen – kommunal veg. Elevar til Hasund skule frå 2. til 7. klasse kan etter individuell vurdering ha rett på skuleskyss.
7. Unntak frå pkt. 1 gjeld fylkesveg 61 Garnesvegen/Myrvågvegen der elevar frå Ulstein kommune som går ved Møre barne- og ungdomsskule og som må passere Dragsundbrua har rett på skuleskyss.



§ 8 Trafikktrygging

Arbeidet med å sikre tryggleiken for skuleborna til og frå skule har som målsetting at ein ikkje skal ha unntak frå hovudregelen om trykk skuleveg, jf pkt 1 i vedtaket. I ettertid vil denne forskrifta omfatte dei unntaka som framleis er relevante.

V Skulegang ved annan skule enn nærskulen

§ 9 Skulebyte ved skulestart

Ved søknad om skulestart ved annan skule enn nærskulen, skal denne ligge føre i god tid før skuleferien. Dersom slik søknad vert innvilga, må føresette til vanleg sørge for skyss uansett veglengd. Før vedtak om skulestart ved annan skule enn nærskulen skal begge skulane uttale seg i saka, mellom anna om risiko for auka kostnader ved gruppedeling ol .

§ 10 Skulebyte elles i skuleåret

Elevar som flyttar internt i kommunen, men ut av skulekrinsen, vil kunne få innvilga søknad om fortsatt skulegang ved gamal skule dersom det ligg føre sterke faglege tilrådingar frå sakkunnige (td frå PPT,BUP, lækjar). Ein eventuell skyssrett vil då falle bort. Annan søknad om skulebyte elles i skuleåret vert normalt ikkje imøtekomen.

Denne forskrifta vert sett i verk frå den dato som kommunen bestemmer.